

Bibelsku. Paraguay

-1984 var eit rikt arbeidsår for Paraguay, og det er det rikaste året vi har hatt ute som misjonærar, skriv Inger-Johanne og Inge Bjørnevoll heim i eit brev som er kome til Tabernakel-Ekko.

-På det åndelege området var det eit rikt og godt år. Det vi var mest opptekne av var å starta ein desentralisert bibelskule i Sør-Paraguay. Rundt 90 elevar hadde meldt seg som interesserte, men når alt bar til stykkjes gjekk '77 i gang med undervisninga, heiter det i brevet.

Undervisningsmateriellet er seks bøker om Jesu liv, og studietid for kvar bok er tre månader. Lesetida vert såleis to år, feriane medrekna. Kvar elev arbeider med programmerte bøker, og er ein gong for veka til gjennomgang av gjort arbeid og retting.

-Det er rekna med at arbeidsmengda krev ein times arbeid kvar dag frå mandag til fredag, men for våre elevar krev det mykje meir. Nokre brukar opp til 3-4 timer eller meir, og må kanskje stå opp ved 4-tida om morn-

genen for å få arbeidet gjort.

Det er medrekna at elevane i alle høve skal ha ein del «cole-gio», det som tilsvrar ungdomsskule og gymnas heime. Men dei som vil prøva seg kan starta opp og fylgja langt dei greier. Når det gjeld våre elevar so ligg dei under normalen i utdanning, men over normalen i resultat og ut-haldande arbeid. Elevane våre har mindre utdanningsnivå enn det som er ynskjeleg, men ser ein på sluttresultatet er ikkje skilnaden stor til dei som har betre utdanning frå før.

Beste eleven var kona til ein eldstebror. Ho har berre fire års skulegong, men fekk 100 poeng av 100 oppnåelege.

25. mars er det pånytt skulestart i Encarnacion. Då skal me ha eit lite seminar med gjester som arbeider med same studieopplegg i Uruguay og Argentina,

Le-arbeidet i gjev resultat



Å bringe evangeliet til muhammedanerne er en stor utfordring.

saman med den nasjonale leida-
ren vår her. Dette vil gje elevane
ei kjensle av at dei høyrer med i
ein stor flokk med elevar i man-

ge land. Og sjølv om me arbei-
der på det aller lågaste nivået,
går studia vidare til omlag
adjunkts utdanning i norsk sku-

lesystem. Dette utdannings-
opplegget er datastyrt frå USA,
skriv Inger-Johanne og Inge
Bjørnevoll frå Paraguay.